



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr: 2006/143	Side: 53
Mottatt: 03 MAI 2006	MP/SDD
Saksnr: MBB	713
Kopier:	

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 06/301-4
Journalpostid: 06/2277

Saksh: Gunnhild Sandvin
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:
K2-V50 02.05.2006


Uttale frå Eidfjord kommune - høyring av forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om vetrinærer og anna dyrehelsepersonell

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

FSK-057/06 Vedtak:

Eidfjord kommune meiner at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt. Den praktiske utøvinga av ansvaret kan gjerne leggjast til Mattilsynet sine distriktskontor, som kan føreta den same lokale tilpassinga som det kommunane har høve til. Dette vil gje like god tilgang til veterinærtenester som om kommunane har ansvaret, til ein lågare administrativ kostnad enn om kvar kommune skal forhandla fram sin eigen veterinæravtale

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
sekretær

Kopi til arkiv og kopibok

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2-V50
Arkivsak ID: 06/301 - 1
Journalpost ID: 06/1835
Saksh.: Rune Østraat
Dato: 11.04.2006

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	26.04.2006	057/06	OSTRUN

Høring av forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
2	I 15.02.2006	Landbruks- og matdepartementet	Høring av forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om vetrinærer og anna dyrehelsepersonell
3	I 17.04.2006	Den norske veterinærforening	Til lovendringsforslaget

Vedlagt: Ingen

Særutskrift skal sendast til: Landbruks- og Matdepartementet, PB: 8009, 0030 Oslo

Endeleg avgjerd i: Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune meiner at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt. Den praktiske utøvinga av ansvaret kan gjerne leggjast til Mattilsynet sine distriktskontor, som kan føreta den same lokale tilpassinga som det kommunane har høve til. Dette vil gje like god tilgang til veterinærtjenester som om kommunane har ansvaret, til ein lågare administrativ kostnad enn om kvar kommune skal forhandla fram sin eigen veterinæravtale

26.04.2006 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune	Org.nr:	944 227 121	Telefon:	53 67 35 00
Simadalsvegen 1	Bankgiro:	3450.19.60006	Telefaks:	53 67 35 75
5783 Eidfjord	Innbetaling skatt:	7855.05.12326	Epost:	postmottak@eidfjord.kommune.no

Røysting:
Samrøystes vedteke.

FSK-057/06 Vedtak:

Eidfjord kommune meiner at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt. Den praktiske utøvinga av ansvaret kan gjerne leggjast til Mattilsynet sine distriktskontor, som kan føreta den same lokale tilpassinga som det kommunane har høve til. Dette vil gje like god tilgang til veterinærtenester som om kommunane har ansvaret, til ein lågare administrativ kostnad enn om kvar kommune skal forhandla fram sin eigen veterinæravtale

Saka gjeld:

Grøn Møteplass Hardanger og Kvinnherad (GMHK), som er eit organ for dei tilsette ved landbrukskontora i Hardanger og Kvinnherad, hadde denne saka opp til diskusjon i møte den 3. april. Landbrukskontoret i Kvam fekk i oppgåve å skriva felles høyringsframlegg på bakgrunn av denne diskusjonen. Likelydande saksframstillingar vert såleis handsama i kommunane: Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad, Kvam, Granvin og Ulvik.

I brev frå landbruks- og matdepartementet (LMD) datert 15. februar 2006 går det fram at staten ynskjer å flytta det overordna ansvaret for dyrehelsetenesta frå staten til kommunane frå og med 2007. Dei meiner at kommunane skal sørgja for at det finst ein tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og at det finst ei klinisk veterinærvakt. Kvar kommune skal stå økonomisk ansvarleg for kostnadene knytt til veterinærvakta, og forhandla med dei aktuelle veterinærane.

Det går vidare fram av brevet at det er opp til den enkelte kommune å finna ut korleis den vil løysa oppgåvene knytt til å skaffa tilfredsstillande tilgang til dyrehelsepersonell. Det vert også opp til den enkelte kommune å finna ut kva som er "tilfredsstillande tilgang". Det går likevel fram at kommunane skal betala for døgnvakt for veterinærer. Det går også fram at den enkelte kommune må vurdere kva verkemiddel som skal nyttast for å sikra veterinærtilbod i området. Konkret er det nemnt etableringstilskot, driftsstøtte, rimelege lokale, tomter, jobbtilbod til andre i familien og andre økonomiske verkemiddel. Det vert vidare frå staten sin side sagt at kommunane er dei beste til å vurdere korleis klinisk veterinærdekning skal oppretthaldast i området. Ansvaret vert lagt nær brukarane og dei faktiske behova, og staten meiner då at behova dermed bør kunna løysast på ein god måte ut frå tilhøva på staden.

Lovparagrafen er føreslege formulert slik:

§ 3 a. Kommunens ansvar

Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell.

Når det gjeld dei økonomiske og administrative konsekvensane, går det fram av brevet frå LMD at dei har registrert at ein del kommunar allereie i dag brukar pengar for å sikra tilgang til kliniske veterinærtenester. LMD reknar med at det vert behov for ei viss styrking av kommunane sin økonomi for å løysa desse nye oppgåvene. Konkret framlegg om løyving skal koma i kommuneøkonomiproposisjonen som vert lagd fram våren 2006. Ei viss styrking i høve til statens sine utgifter knytt til vaktordningar vert også sett på som naudsynt for at ordninga skal opplevast som tilfredsstillande/forsvarleg. Eidfjord kommune brukar noko

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune	Org.nr:	944 227 121	Telefon:	53 67 35 00
Simadalsvegen 1	Bankgiro:	3450.19.60006	Telefaks:	53 67 35 75
5783 Eidfjord	Innbetaling skatt:	7855.05.12326	Epost:	postmottak@eidfjord.kommune.no

pengar på dette føremålet i dag, men vil med ei overføring av ansvaret, måtte rekna med ein vesentleg auka totalkostnad. Det vert elles skrive at regjeringa har ein ambisjon om at nye oppgåver for kommunane skal fullfinansierast, og leggast inn i rammetilskotet.

Den norske veterinærforening (DNV) har også sendt brev til Eidfjord kommune i samband med denne saka. Dei stiller spørsmål ved ein del av det som går fram av høyringsbrevet. Dei har også framlegg om ein del presiseringar som bør gjevast i samband med denne endringa i lova. Mellom anna hevdar dei at staten ikkje gjev svar på:

- Kva ansvaret omfattar
- Kva er tilfredsstillande veterinærdekning ?
- Kva er tilfredsstillande veterinærvakt og korleis skal veterinærvakt organiserast ?
- Kva økonomiske rammer kommunane har å forholde seg til
- Ingen garanti for at staten dekkjer kommunane sine utgifter
- Kostnadsbehovet skal utgreiast i ettertid

Samla sett meiner DNV at lovendringsforslaget vil kunna medføra at det vert for store skilnader i veterinærordningane mellom kommunane i landet. Dette kan føra til dårleg dyrevernerberedskap, for svak beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar og elles at kostnadene med bruk av veterinær for den enkelte husdyrhaldar vert vesentleg auka.

DNV føreslår på bakgrunn av det ovannemnde ein del endringar i lovframlegget. Hovudmomentet deira er at staten framleis bør ha det overordna ansvaret for å sikra ei landsdekkjande dyrehelseteneste. Dei ynskjer også større grad av detaljering av kva kommunane har ansvar for, mellom anna at det både gjeld veterinærdekning og veterinærvakt.

Me har elles kjennskap til at det i seinare tid har vore til dels sterke konflikhtar mellom staten og veterinærane når det gjeld vakt deltaking, vaktgodtgjersle, storleiken på vaktområde og liknande. I periodar har me i vårt område vore utan veterinær vakt.

Eidfjord kommune er ein del av eit veterinærrområde som også dekkar Odda og Ullensvang. Veterinærane som bur i vårt område fryktar at det generelt låge talet på husdyr, gjer at dei må prioritera ned vaktordninga for husdyr, mellom anna på grunn av at dei ikkje kan halda seg oppdatert og få praktisert nok. Økonomien i vaktordninga for husdyr er også låg. Dette skuldast mellom anna lange reiseavstandar, og faste satsar for oppmøte. Om ikkje staten eller kommunane går inn med auka tilskot, risikerar me at det viktige veterinærtilbodet for husdyr kan falla bort, noko som vera dramatisk for dyrehaldet i kommunen.

Vurdering

Flytting av det overordna ansvaret frå staten til kommunane har både positive og negative sider. Det er generelt sett positivt at kommunane får høve til å gjera lokale tilpassingar i høve til behova på staden. På den andre sida bør ein stilla spørsmål ved om ikkje veterinærdekning og veterinær vakt bør vera ein del av den infrastrukturen som staten skal ta seg av, spesielt i bygdekommunar. Staten har Mattilsynet, med sine region- og distriktskontor, som sitt eige lokale fagorgan som kan administrera denne infrastrukturen. Distriktskontora har like god oversikt over behovet for veterinærtenester i sitt område som det kommunane har. Kommunane kan gjerne vera ein samarbeidspart i høve til dei statlege organa, men ein vil i større grad sikra likebehandling ved at staten framleis har det overordna ansvaret for veterinærdekning og vakt. Når det gjeld omfanget på det administrative arbeidet knytt til

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune	Org.nr:	944 227 121	Telefon:	53 67 35 00
Simadalsvegen 1	Bankgiro:	3450.19.60006	Telefaks:	53 67 35 75
5783 Eidfjord	Innbetaling skatt:	7855.05.12326	Epost:	postmottak@eidfjord.kommune.no

desse ordningane, må dette også forventast å verta større når det skal fordelast på mange kommunar, enn slik det er i dag, når staten har ansvaret.

Når me i tillegg kjenner til dei konfliktane som har vore mellom staten og veterinærane, er det grunn til å tru at kommunane vil få eit vesentleg arbeid med å forhandla fram tilfredsstillande ordningar. Det er grunn til å tru at kommunane får ein økonomisk belastning med å løyva dei midlane som staten ikkje har vore villeg til å dekkja, utan at dette vert kompensert frå staten sin side. Kommunar som ikkje prioriterar å betala kostnaden med veterinærordninga vil kunna få ei dårleg dekning, auka kostnader for dyrehaldarane og på sikt dårlegare dyrevern og beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar.

På bakgrunn av det ovannemnde meiner rådmannen at veterinærsaka ikkje er eigna for lokaldemokratiet i si noverande form. Staten bør framleis ha det overordna ansvaret for veterinærane, men kan gjerne nytta sine eigne lokale fagorgan som reiskap for å tilpassa ordninga til kvart enkelt område.

Erik Sandvik
rådmann

sakshandsamar

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune	Org.nr:	944 227 121	Telefon:	53 67 35 00
Simadalsvegen 1	Bankgiro:	3450.19.60006	Telefaks:	53 67 35 75
5783 Eidfjord	Innbetaling skatt:	7855.05.12326	Epost:	postmottak@eidfjord.kommune.no